



Vang kommune

ArkivSakID: 19/489
JournalpostID: 19/7620
ArkivID: PlanID - 2019001,
K2 - L12
Saksbehandlar: Magnus Lajord

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/19	Kommunestyret	13.12.2019

Planprogram Klukkargrende - ny behandling

Vedlegg:

17.10.2019	Behandling av planprogram - Detaljregulering Klukkargrende	142293
02.10.2019	Planprogram Klukkargrende	142367

Saksopplysningar:

I møte 17.10.2019 fastsette kommunestyret planprogram for Klukkargrende med fylgjande vedtak i sak 066/19:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, fastsett Vang kommune «Planprogram Klukkargrende» på gnr. 42 bnr. 1. Kommunestyret presiserer at tilføring av kommunalt vatn og avløp er ein føresetnad for utvikling av Klukkargrenda bustadområde. Kommunestyre vil påpeike at behandlinga av rammeplan VA for Vang sentrum vil gje prioriteringane av bustadfelt i Vang».

I møtet vart særskilt vatn- og avløpsløysinga drøfta inngåande med bakgrunn i at ein kjenner til at det kan vera dårlige vassførekomstar i området og at kommunen ikkje kan gje byggeløyve før vassforsyninga er sikra jf. pbl. § 27-1. Denne seier m.a. fylgjande:

«Bygning må ikke føres opp eller tas i bruk til opphold for mennesker eller dyr med mindre det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann».

I etterkant av vedtaket i sak 066/19 tok Klukkargarden Utvikling AS(KLU) kontakt med kommunen med ynskje om å drøfte presiseringa i vedtaket vedr. vatn og avløp, og kva konsekvensar og føringar dette ville få for vidare framdrift av planarbeidet og utvikling av området.

Det vart gjennomført eit møte med KLU der dei presiserer at dei er bekymra for at dei med vedtaket med presiseringa om at *kommunalt vatn og avløp er ein føresetnad for utvikling av Klukkargrende bustadområde*, ikkje kan gå vidare med reguleringsarbeidet før det blir løyva midlar i økonomiplan til framføring av kommunal vatn og avlaup til området. KLU ynskjer at vedtaket blir take opp til ny behandling og at det opnast opp for privat vatn og avlaup dersom dei kan sikre vassforsyninga jf. pbl. § 27-1.

Vurdering:

Ved fastsetting av eit planprogram har kommunen som planmyndigheit full tilgang til å gje naudsynnte føringar for plan- og utredningsarbeidet som skal leggst til grunn for utarbeiding

av reguleringsplanen. Dette kjem fram av Forskrift om konsekvensutredninger § 16.

Kva som derimot blir dei endelege tekniske løysingane for eit planområde tek planmyndigheita vanlegvis stilling til ved behandling av reguleringsplan og ikkje ved fastsetting av planprogrammet.

Kommuneplanen for Vang 2015-2027 opnar også opp for at kommunen kan godkjenne andre ordningar under gitte føresetnader:

1.8 Tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett (pbl §§ 11-9 nr. 3 og 18-1)

Alle bygningar, inkludert fritidsbustader, har krav om tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett. Vil dette føre med seg urimeleg store kostnader eller andre særskilde omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne andre ordningar.

Spørsmålet i saka er om presiseringa i vedtaket i sak KS-066/19 er strengare enn det som var tilsikta. Kommunestyret ville sende eit tydeleg signal om at det må på plass ei tilstrekkeleg god vatn- og avløpsløyse før det blir godkjent ein reguleringsplan for området, og at ingen av dei framtidige planområda i Vang sentrum med bustadføremål skulle førehandsfavoriserast før rammeplan for VA er ferdig behandla.

Sett i lys av det som står i kommuneplanen for Vang, kva som skal settast som føringar i eit planprogram og dei krav som er sett i pbl. § 27-1, meiner rådmannen at behandlinga av planprogram for Klukkargrende bør opp til ny behandling. I planprogrammet kapittel 1.8 blir og fylgjande presisert:

1.8 Tilkobling til offentlig vann- og avløpsnett (pbl §§ 11-9 nr. 3 og 18-1)

KLU ønsker å inngå en utbyggingsavtale med Vang kommune om etablering av kommunalt vann- og avløpsnett til Klukkargrende. Hvis det ikke lar seg gjennomføre innefor KLU's tidsmessige og økonomiske rammer vil det bli etablert et lukket anlegg med muligheter for å koble seg på kommunalt anlegg på sikt.

Fastsetting av eit planprogram er eit prosessuelt vedtak som skal sikre at det blir sett naudsynte føringar og krav til utarbeiding av reguleringsplanen. Fastsetting av planprogram er ikkje eit enkeltvedtak jf. fvl. § 2 fyrste ledd a, og kan dermed takast opp til ny behandling utan vidare rettsleg grunnlag eller tilvising til forvaltningslova.

Rådmannen vil tilrå at kommunestyret gjer om tidligare fastsetting av planprogram for Klukkargrende, og opne opp for at KLU kan gjennomføre prøveboring og vurdere fleire alternativ for vatn og avløp. Når sjølve planforslaget kjem inn til politisk behandling vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag og kan då ta stilling til endeleg VA - løysing.

Det kan ved ny fastsetting settast krav om at vatn- og avløpsplan skal fylgje planprosessen, og at ein skal kople seg til kommunalt vatn og avløp når/dersom dette blir etablert til planområdet.

Planprogrammet og dei tidligare vurderingane av dette ligg vedlagt denne saka og blir ikkje vurdert på nytt.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar seg på rådmannen sine vurderingar og gjer om tidligare vedtak i sak KS-066/19.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, fastsett Vang kommune «Planprogram Klukkargrende» på gnr. 42 bnr. 1.

Kommunestyret presiserer at ulike vatn- og avløpsløyser skal vurderast særskilt, og opnar opp for mellombels løysing for vatn og avløp jf. kommuneplanen for Vang kapittel 1.8, dersom tilstrekkeleg vatn kan dokumenterast jf. pbl. § 27-1.

Rammeplan VA for Vang sentrum vil prioritere utbyggingsetappane av kommunalt vatn og avløp til dei ulike områda i Vang. Kravet om tilkopling til kommunalt VA vil framleis gjelde jf. kommuneplanen, uavhengig av mellombels løysing.

Vatn- og avløpsplan skal fylgje reguleringsplanen til behandling.

Kommunestyret 13.12.2019:

Behandling:

Rådmann innleia saka, informerte om bakgrunnen og endringa som leggjast fram i saka.

Arelplanleggjar Magnus Lajord la og fram saka.

Framlegg til vedtak: samrøystes vedteke.

KS- 114/19 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, fastsett Vang kommune «Planprogram Klukkargrende» på gnr. 42 bnr. 1.

Kommunestyret presiserer at ulike vatn- og avløpsløyser skal vurderast særskilt, og opnar opp for mellombels løysing for vatn og avløp jf. kommuneplanen for Vang kapittel 1.8, dersom tilstrekkeleg vatn kan dokumenterast jf. pbl. § 27-1.

Rammeplan VA for Vang sentrum vil prioritere utbyggingsetappane av kommunalt vatn og avløp til dei ulike områda i Vang. Kravet om tilkopling til kommunalt VA vil framleis gjelde jf. kommuneplanen, uavhengig av mellombels løysing.

Vatn- og avløpsplan skal fylgje reguleringsplanen til behandling.